



Juniorsamling 05. – 07. nov 2021

Osterøy spel- og dansarlag og Nordhordland spel- og dansarlag
skipar til Juniorsamling for hardingfelespelarar i Hordaland, helga 05.-07. nov. 2021.

Stad:	Haus skule, på Osterøy
Tid:	05.-07. nov.
Klokkeslett:	Fredag kl. 18.30 – søndag kl. 14.00
Pris (ta med på samlinga):	300,- for medl. av spelemannslag/FolkOrg 350,- for andre.
Påmelding innan:	29. oktober

Deltakarane vert delt i grupper, etter nivå, der dei mellom anna vil lære nye slåttar, samspel og speleteknikk. Det vert grupper for dei som akkurat har starta å spela, og grupper for dei som har spelt så lenge dei kan hugsa!
I løpet av helga vil det også verte tid til mykje sosialt – samspel, leik og dans.

Ta med instrument, liggeunderlag, sovepose og toalettsaker.

For dei yngste kan det vera eit godt alternativ å koma laurdagsmorgonen til frukost kl. 09.00 eller kursstart kl. 10.00.

For at denne helga skal gå ganske så knirkefritt, og at me skal oppnå målet om å skape eit miljø blant barna, samt at det ikkje skal verta for dyrt å vere med på samlinga, er me avhengig av hjelp frå foreldra, når det gjeld nattevakt/brannvakt. Håpar at nokon av foreldra kan stilla opp og hjelpa til med dette!

Gje ein lyd om du som føresett kan vere med vera nattevakt i løpet av helga.

Grunna den pågåande covid-19 pandemien, vil me til ei kvar tid halda oss oppdatert på smittevernreglar og overhalda desse.

Vask hendene og hold avstand – ta vare på kvarandre.

Har du spørsmål? Eller vil melde deg på?

Ring til Hilde: midtbohilde@hotmail.com / 56391967 / 97504847
eller Gro grovetaas@hotmail.com / 40857578

Hugs å oppgje namn, alder, kor lenge du har spelt, og om du har nokre allergiar, sjukdommar eller anna me treng å vita om.